



## Avduking av minnesmerke på Turøy

---

SIDE 4



➤ Black gospel fekk det til å svinga SIDE 10



➤ Årets konfirmantar SIDE 6

# Fjell kyrkjeblad

Fjell kyrkjeblad kjem ut 6 gongar i året og kostar kr 200,- pr. år. For utanbygds: kr 250,-.


**Utgjevar:**  **DEN NORSKE KYRKJA**  
Fjell kyrkjelege fellestråd

**Ansvarleg redaktør:** Olav Martin Vik

**Grafisk utforming:** Yngvild Mørner Sørheim

**Framsidedeilete:** Oversiktsbilde Turøy  
Foto: Olav Martin Vik

**Trykk:** Bodoni AS

 Miljømerket trykksak 2041 0699

## Kontaktinformasjon

**Adresse:** Fjell kyrkjelege fellestråd,  
Postboks 184, 5342 Straume

**Besøksadresse:** Fjell kyrkjekontor,  
Tytebærbrekko 2, Temahuset

**Telefon:** 55 09 74 40

**Ekspedisjonstid alle kvardagar:** 10.00–14.00

**E-post:** post.kyrkja@fjell.kommune.no

**Nettsider:** www.kyrkja.no/fjell  
www.kyrkja.no/t-dagen

## Bankgiro

**Fjell kyrkjeblad:** 1503.84.37590

**Fjell kyrkjelege fellestråd:** 1503.84.35067

## Innleveringsfrist

for annonsar og kunngjeringar  
til neste nummer av Fjell kyrkjeblad:  
7. mai 2019

# Leiar

Når du les dette bladet er me alt komen langt ut på våren. Me ser korleis dette vakre skaparverket endrar seg og nytt liv spirer fram. Slik vert det og når ein søker inn i Guds ord og ser alt det gode Gud har tenkt for oss. Nytt høvet til å lese i Bibelen og kom på våre gudstenester og andre samlingar der Ordet vert formidla.

Me er i ein prosess der kyrkjestabane i Fjell, Sund og Øygarden skal sameinast. Dette arbeidet har me snart drive på med i 2 år. Nye relasjonar mellom menneske skal opparbeidast. Nye system for det meste av det me driv på med skal byggjast opp. Våre medarbeidarar har gjort ein god jobb. Dei har stått på med samanslåingsarbeidet i tillegg til daglege gjeremål. Vårt arbeid skal gå som normalt sjølv om det er mykje prosjektarbeid. Eg gir stor ros til våre medarbeidarar. Snart er me ferdig med dei tyngste oppgåvene i samanslåingsprosessen. Takk også til

**Olav Martin Vik**

Kyrkjeverje og redaktør



menneska i dei kyrkjelege råda som stør opp under arbeidet.

Konfirmasjonane kjem no på rekke og rad. Det er viktig at dei unge søker til kristne samanhengar etter konfirmanttida. Foreldre og fadrar har eit ansvar for å følgje opp dei unge og gi dei råd om livet vidare. Dei unge er varmt velkomen til våre samanhengar også etter konfirmasjonen.

Eg ønskjer alle ein fin vår vidare.

*Olav Martin Vik*

## Tur til Institutt for sjelesorg 19.–23. august

Menighetene i Fjell og Sund inviterer deg med på tur. Ønsker du å være med oss?

Vi reiser med tog fra Bergen i samlet flokk. Prisen inkluderer alt, reise, opphold m/ full pensjon, undervisning og dagstur.

Stedet ligger i furuskogen ikke langt fra Modum Bad. Stille og fredelig og et flott turområde.

Alle får egne rom med dusj og toalett.

Turen koster kr 7000,- og det er påmelding til Ellen Ebbesvik, diakoniarbeider i Fjell; Mobil: 924 42 881, innen 21.06.2019.



## Kan dette skje – kan alt skje!

**Bjarte Nese**

Sokneprest i Landro



Så nærmar det seg påske igjen! Påsken er så dramatisk og eksistensiell. For i denne høgtida, grip Gud inn og endrar livets gang. Det er så uventa og umogleg at det framleis er provoserande. Påsken gjer oss eit perspektiv - ut over livet kroppen gjer oss. For kan dette skje - så kan verkeleg alt skje!

Det er forståeleg at fleire har problem med å tru at Jesus faktisk stod opp igjen frå dei døde. For døden er jo her framleis. Døden er jo akkurat like reel etter Kristi oppståde som før. Døden møter oss, og er noko vi kjempar med. På ein god dag kan eg tenke at det er noko vakkert og sårbart over å vere dødeleg. I gresk mytologi var gudane misunnelege på menneska – som var dødelege – for kvar dag med liv blei dermed dyrebar og verdfull. Men den kan også legge ein bakanforliggende og dyster melankoli inn i kvar dag vi lever. Kunnskapen om at døden er der.

Håpet om himmelriket tek ikkje bort smerten ved døden. Men det er like fullt eit løfte som vi har fått. Desse enkle forteljingane i Bibelen vil fortelje oss at det faktisk skjedde. Gud har ikkje øydelagt den fysiske døden, fordi han ikkje ville utslette verda. Vi feirar at Jesus er den første som har gått gjennom dette.

Og dermed har han opna opp for at lenkene i naturen kan brytast, slik at verden kan bli heilt ny. Det er ikkje fullført, men det er påbegynt – usynleg og umerkeleg. Vårteikna er lett å ta som ein sjølvfølge. Men dei får meg til å tenke at; nytt liv kan spire fram frå mørke. Krokkusen og kvitveisen vitnar om eit skifte rundt oss. Skaparverket vaknar til nytt liv. Guds rike spirer fram frå ei grav!

Peter og dei andre disiplane var svært forvirra dagane etter påske. Dei var redde. For Jesu oppståde skapte uro, undring og irritasjon. Overprestane prøvde å stoppe ryktet om Jesus med ein gong. Dei frykta

## Innhald

Avduking av minnesmerke..	4
Årets konfirmantar.....	6
Kyrkjevalet 2019 .....	8
Black gospel-konsert .....	10
Fasteaksjonen 2019 .....	11
Aksjon Godhet .....	12
Dette skjer i kyrkjene.....	12
T-dagane.....	18–19

vel at dette handla om meir enn ein død mann som kom tilbake til livet. Dei skjønnte at dette kunne forandre verda slik dei kjende den. Enno var det best å vere i skjul tykte disiplane. Jesus viste seg for dei ved fleire høve, og etter kvart mange andre menneske. Mange kjende Jesus igjen. Det lot seg ikkje skjule lenger. Så på første pinsedag står dei fram – 50 dagar etter påske. No fekk det bere eller breste. No var dei blitt trygge nok til å fortelje alle at; Jesus lever!

For meg er Jesu død er eit oppgjer med mine eigne tap, min eigen langfredag. Påskedagen er byrjinga på eit ekte liv, der vi ikkje treng bruke maske som vern mot verda – for no har vi Guds rike!

## Helsing frå prosten



Jeg har på grunn av sjukdom vært ute av tjeneste i flere måneder.

I oktober ble jeg kreftoperert, og etter en kort periode i delvis arbeid igjen, fikk jeg like før jul et akutt hjerteinfarkt.

Nå er jeg med på hjerterehabilitering på Haukeland universitetssjukehus.

Jeg er svært takknemlig for den hjelpen jeg har fått av helsevesenet.

Hjertelig takk for all omtanke og forbønn dere har vist i denne tida!

Det har betydd mye for meg, og jeg har satt stor pris på en slik medfølelse!

Gjennom alt som har skjedd, har jeg opplevd Guds styrke og nærvær.

*Erling Kopperud*



Kunstnar Arne Mæland bearbeider minnesteinen som er henta frå Øygarden, der mamna på dei 13 omkomne skal festast på.



Oversiktsbilde med Turøysamfunnet i bakgrunnen.

# Avduking av minnesmerke

Turøy-samfunnet har i åras løp vorte råka av fleire ulukker. Havet har kravd mang ein fiskar, og lokalsamfunnet ute i havgapet veit korleis det kjennest å vera i sorg etter ei ulukke. At eit helikopter som dagleg fyk over hustaka skulle dette ned, var ikkje til å tru.

**FOTO: ØK/OV**

Den 29. april i 2016 kl. 12 styrta eit helikopter på ein holme like ved Turøy. Helikopteret skulle frakte mannskap frå Gullfaks B plattformen til Flesland, og alle dei 13 om bord mista livet. Lokalsamfunnet på Turøy vart vitne til ei av dei største helikopterulukkene i noregshistoria.

På 3-årsdagen etter ulukka vert det avduka eit minnesmerke; ein granittstein frå Øygarden. Minnesmerket

vert plassert på ein kolle like ved Turøybrua, og namna til dei 13 omkomne vert festa til steinen med ei plate.

**Avdukingsseremonien tek til måndag 29. april kl. 15.00.**

Ordførarane i kommunane Sund, Øygarden og Fjell samt sokneprestane i Sund og Øygarden vil lesa opp namna på dei omkomne.

Seremonien varer om lag ein time, og vert ramma inn av musikkinnslag med lokale krefter. Arrangementet er oppe for alle som har høve til å delta.

Velkommen!

*Ottar Vik  
koordinator*

## Fjell kyrkje

**5. MAI KL. 10.30**

Keven Alexander Brekke  
Lukas Emil Trengereid Eide  
Hanne Bjørøy Ekerhovd  
Tobias Fjellstad  
Erika Førli-Ekerhovd  
Tuva Hagenes  
Sunniva Heggelund-Morken  
Robin Hovlandsdal  
Sølvi Karin Hansen Hufthammer  
Herman Høyland  
Henriette Johannessen Lisæth  
Thomas Lyngøy  
Karoline Larsen Møvik  
Martine Louise Nesse  
Tobias Normann  
Maren Njøten Rosten  
John- Olav Pedersen Skålevik  
Sebastian Johan Hansen Ulveseth

**5. MAI KL. 12.30**

Stine Hordvik Aloysius  
Tobias Strømme Andersen  
Espen Bruheim  
Daniel Bøtter-Brevik  
Erlend Gundegjerde Dagsland  
Nicolai Dypevik  
Thea Ellefsen  
Sigurd Alfsvåg Engelsen  
Amalie Christin Andreassen Bø Fjell

Eivind Kvalheim Gauteplass  
Toril Hagenes  
Johannes Aarvik Sletten Hansen  
Silje Marie Larsen Haug  
Rebecca Alice Kallestad Skår Horgen  
Malin Kaltvedt  
Synve Kaltvedt  
Sander Marius Kristiansen  
Nikolas Sjøvold Landro  
Malin Nipen Larsen  
Hedvig Henriksen Marthinussen  
Belinda Mathiassen  
Cassandra Nilssen  
Charlotte Ona  
Natalie Rodrigues  
Kevin Larsen Skutlaberg  
Marcella Kismul Vegan  
Adrian Woldseth

**11. MAI KL. 10.30**

Victor Manuel Baselga Bæz  
Oliver Engan Elverum  
Ådne Erdal  
Marita Fauske  
Mats Fjell  
Sondre Svea Hauge  
Simon Algerøy Hjartøy  
Thomas Hornnes  
Simon Skorpholm Høgbråt  
Olav Nygård Ingebrigtsen  
Maren Instebø  
Emilie Ophus Jakobsen  
Ingebjørg Marie Kaalaas

Kaia-Sofie Mortensen  
John Callum Robertson  
Geri Solberg  
Jessi Solberg  
Mats Kaland Spilde  
Norah Johanne Lokøy Sørensen  
Cassandra Atina Tjong  
Henrik Tveten  
Kim Eirik Aase

**11. MAI KL. 12.30**

Tord Berntsen  
Eivind Lunden Byrknes  
Mathias Eidesund  
Casper Hansen  
Henrik Helland  
Eline Marcelia Hodneland  
Thea Kristine Hodneland  
Anette Holen  
Dina Sekkingstad Larsen  
Tonje Sandstø Larsen  
Aleksander Steimler Lundekvam  
Ina Sofie Lønøy  
Nicklas Vårdal Martinussen  
Maria Bjarnoll Mjeldr  
Andreas Mikal Telle Mollandsøy  
Daniel Nybø  
Joakim Merkesdal Singdahlsen  
Frida Tysse Stokkeland  
Martin Xuan Storesund  
Kristoffer Stusdal  
Natalie Rygg Torgersen  
Jakob Venge

## Landro kyrkje

**11. MAI KL. 10.30**

Johanne Arnesen  
Sebastien Daae-Hansen  
Emina Misje Haugro  
Tuva Smith Larsson  
Mia Moe  
Vilde-Mathilde Skiftesvik  
Mathilde Solsvik  
Aurora Eide Stenmark  
Thea Sofie Misje Torsvik  
Aurora Sofie Vikøren

**11. MAI KL. 12.30**

Andreas Angeltveit  
Erlend Våge Berland  
Amanda Kaser  
Hanna Langeland  
Lukas Landro Lie  
Mads Løfvenius

Trine-Lise Neset  
Didrik Boye Tellnes  
Caroline Tomine Tøssebro  
Noah Garlid Urheim  
Catharina Vindenes  
Celine Vindenes-Lekven  
Benedicte Dyrøy Wirsching  
Ole Hermann Woldseth  
Emilie Ørjansen

**12. MAI KL. 10.30**

Erlend Angeltveit  
Sebastian André Eikevåg  
Daniel Arne Fjæreide  
Julie Hernandez Hestad  
Isak Monclair Johansen  
William Misje Jonassen  
Ragnhild Mille-Marie Høggøy Lie  
Christopher Lønøy Merkesvik  
Mathias Holm Nordnæs  
Nicklas Bie Paulsen  
Even Lilletvedt Toft  
Leah Ågotnes

**12. MAI KL. 12.30**

Victoria Fjereide Algrøy  
Mira Greni Askeland  
Mathias Bergesen  
Helene Turøy Eide  
Patrick Hareide  
Emil Jonasdal Johannessen  
Jenny-Sofie Anton Kartfjord  
Thea Landro  
Hanne Alice Lauvik  
Julie Mongstad  
Thor-Christian Pettersen Nilsen  
Kaya-Emilie Lauvik Skjolddal  
Karoline Ryngøy Solsvik  
Alice Dyrøy Steffensen  
Andreas Steinsland  
Malin Sofie Turøy  
Kaja Bye Vevle  
Ruben Vågenes  
Victor Elias Ågotnes



## Foldnes kyrkje



### 4. MAI KL. 10.30

Elise Ekerhovd Andersen  
Lilly Berge  
Stine Eide Fluge  
Emma Larsen Foldnes  
Tony Andre Foldnes  
Emil Hagenes  
Yngve Haugsdal  
Sindre Kaurin Haukenes  
Emma Sofie Heggernes  
Natalie Kristine Bjørsvik Hæggernes  
Phillipe Alexander Klein  
Henriette Wærenskjold Knarvik  
Mariel Gullaksen Longberg  
Benedicte Løvaas Midttun  
Christopher Liseth Molland  
Aleksander Martin Pedersen  
Hanne Seim Sleire  
Stian Sørensen  
Celina Steensæth Tørum  
Michelle Mikkelsen Vallestad  
Marcus Wiborg

### 4. MAI KL. 12.30

Lucas Olsen Abrahamsen  
Jenny Elin Angeltveit  
Alvar Ljones Bekkerhus  
Andreas Bjørklund  
Sander Bjørklund  
Preben Foldnes  
Andreas Furelid Johnsen  
Sebastian Hovland Kahrs  
Ida Martine Lund Kvalsvik  
Daniel Aase Køhne  
Jakob Århus Mikalsen  
Oliver Myksvoll  
Eivind Oma Olsen  
Alexander Ona-Buen  
Helena Paus-Olsen  
Celina Marie Rein  
Mathias Methlie Ro  
Tord Bjørn Juvik Roseth  
Eva Santacruz

Mathias Hansen Steinsland  
Richard Emilio Trimiño-Mikalsen  
Arild Vatne

### 5. MAI KL. 10.30

Emma Hellem Andreassen  
Ingrid Bergfjord Bendiksen  
Patrick Lien Bøe  
Nicolai Foldnes Einarsen  
Karoline Sæle Einevoll  
Ingrid Rasmussen Herland  
Solveig Cleveland Hernandez  
Patric Nicholai Johnsen  
Vegard Sværen Lillehaug  
Victoria Drønen Linløkken  
Mats Renedal  
Stine Ristesund  
Daniel Hansen Røed  
Thomas Straume Steiner  
Heine Sundal Stigen  
Mali Kausland Syrstad  
Christoffer Toftvåg  
Ruben Tiago Tøsse  
Martinius Øksland Vikersveen  
Julie Broch Windspoll

### 5. MAI KL. 12.30

Henrik Nilssen Ekerhovd  
Magnus Ellingsen Gjerde  
Simen Gravdal  
Steffen Rodrigue Hammer  
Kassandra Vassenden Haugland  
Dennis Johannessen  
Sara Nilsen  
Try Sara Sandvik  
Line FuLiu Skjelvan  
Ole-Martin Olsen Strandheim  
Benedicte Hodnekvam Søviknes

### 12. MAI KL. 10.00

Kristoffer Thuen Bjørøy  
Espen Johan Dahl  
Malene Birkhaug Halseth  
Hedda Iversen  
Trym Iversen  
Jørgen Bjørøy Norevik

Martin Sjøstrøm Norheim  
Erik Brydøy Savland  
Ida Brydøy Savland  
Lea Margrethe Slettebakken  
Eirik Sværen  
Emil Sværen  
Natalie Vabø  
Daniel Vangnes

### 12. MAI KL. 12.00

Marie Arefjord  
Emil Kversøy Bakke  
Emma Kleppe Borlaug  
Herman Hatleli Buch  
Ronja Falck Eikemo  
Jonas Fjæreide Fyllingen  
Kevin Hauge  
Malin Hauge  
David Collins Hovland  
Emilie Marie Jensen  
Gard Ryland Lokøy  
Sjur Lie Neset  
Nathalie Angelie Nilsen  
Jonas Rosnes  
Emma Christine Wik Straume  
Petter Sørensen  
Emilie Christiansen Thunestvedt


### 12. MAI KL. 14.00

Sebastian Birkeland  
Vegard Børtvedt  
Stine Eide  
Isabel Ekeseth  
Nikolai Fjæreide Golten  
Andrine Birkeland Kleppe  
Magnus Bergo Kvam  
Thea Emilie Landås  
Liam Park Liland  
Mads Klubben Lindgren  
Marie Mjø  
Mathea Wergeland Refvik  
Sara Sekkingstad  
Ida Rossgård Seter  
Emma Sofie Tyldum  
Robin Johnsen Vindenes  
Malin Løtvedt Aas

# Sett ditt preg på kyrkja di

## Kyrkjevalet er to val

Hausten 2019 kan du stemme i to kyrkjeval







## KUNNGJERING OM KRAV TIL LISTEFORSLAG VED VAL TIL SOKNERÅD

På vegne av valstyra i Fjell, Foldnes og Landro sokn, kunngjer kyrkjeverja krav til listeforslag ved val til sokneråd. Krava er heimla i reglane for kyrkjeval § 7.

Dette kan du lese på  
[www.kyrkja.no/fjell](http://www.kyrkja.no/fjell)

*Kyrkjeverja i Fjell, Sund og  
Øygarden*

## Det er kyrkjeval (8.) og 9. september 2019. Kanskje du vil stille til val? Du er invitert til å vere med på å skapa framtidens kyrkje. Bli med!

I kyrkja skal det vere rom for alle. Eit stort rom. Høgt til taket. Sterkt fundament. Nye impulsar. Gode tradisjonar. Ulike meiningar. Ulike vegar til tru.

Du trengst til den viktigaste oppgåva i dagens Noreg: Å skape sterkare fellesskap i bygd og by. Mange tendensar bryt ned fellesskapen mellom oss. Vi treng å engasjere oss for å motarbeide isolasjon og splitting.

Kyrkja byggjer fellesskap der du bur. Vêr med å ta ansvar for fellesskapen og for kyrkja di!

Rekk opp handa sjølv eller finn fram til folk du trur kan vera viktige i lokalkyrkja di. Vi vil samarbeide for at fleire oppdagar det store og gode ved å gje av si tid til det som byggjer fellesskap.

### Kva gjer soknerådet?

Soknerådet leier verksemda til forsamlinga der du bur. Som medlem i soknerådet kan du ha stor innverknad på dei lokale oppgåvene og utfordringane i kyrkja di. Arbeidet til kyrkjelyden spenner over mange

tema – m.a. miljø og rettferd, gudsteneste, musikk, misjon, barne- og ungdomsarbeid, og dessutan jus og økonomiforvaltning.

### Her er nokre døme på soknerådets ansvarsområde:

- Trusopplæring blant døypte mellom 0 og 18 år
- Diakonalt arbeid (omsorgstenesta til kyrkja)
- Gudstenester
- Kyrkjemusikk
- Langsiktig planlegging av arbeidet til kyrkjelyden
- Ofringar
- Utleige av kyrkja
- Uttalerett ved tilsettingar av prest, prost og biskop
- Samarbeid med frivillige

Soknerådet har 4–10 medlemmar. Medlemmane har ulik utdannings- og yrkesbakgrunn og mange er òg aktive på andre arenaer i lokalsamfunnet.

Soknerådet møtest 2–5 gonger i halvåret. Medlemmane vert valde for fire år.

### Ti gode grunnar til å vera med i soknerådet:

- Du bidreg til å halda lokalkyrkja levande
- Du vert del av ein kristen fellesskap
- Du gjer ein viktig jobb for fellesskapen
- Du kan sørgje for eit trygt og godt fritidstilbod for barn og unge
- Du får innblikk i og påverkar dei demokratiske prosessane i kyrkja
- Du får eit nytt nettverk i lokalmiljøet ditt
- Du kan sørgje for at kyrkja di er ei open og inkluderande kyrkje
- Du pregar aktivitetstilbodet i nærmiljøet ditt
- Du får nyttig styrerøynsle som du kan bruka i andre samanhengar
- Du kan oppdaga nye sider ved deg sjølv

**Besøk kyrkjevalet.no**

# Black gospel fekk det til å svinga

I to timar fekk nærare 400 tilhøyrarar vera med på ei reise i gospelmusikken, frå negro spirituals til blues, jazz og dagens gospelmusikk.

TEKST OG FOTO: MARGIT LILJAN APELTHUN



Gospelsongaren Angela Primm frå Nashville og pianisten Elsa Harris frå Chicago leverte ekte svart gospel for ei fullsatt Fjell kyrkje.

Det svinga i Fjeldl kyrkjo då dei kjente gospelmusikarane Angela Primm frå Nashville og Elsa Harris frå Chicago leverte ekte svart gospel for ei fullsatt kyrkje tysdag 12. mars. Med eit prosjektkor på 50 songarar som bakteppe fekk gospelkonserten ein ekstra «trøkk».

Primm og Harris er på turné i Noreg denne månaden. Konserten i Fjell kyrkje var arrangert av Vellyd i Fjell og musikkfestivalen Skjærgårdssang.

## Kjente gospelperler

Perlene kom på rekke og rad. Angela Primm dro konserten i gang med ein hyllest til «dronninga av gospel», Mahalia Jackson, med «Just a closer walk with Thee».

Dei svartes fridomskamp blei formidla gjennom tårer, latter, gåsehud og lovprising av Jesus. Det lattermilde fyrverkeriet, Angela Primm, gav av seg sjølv så det rakk, akkompagnert av Noregsvennen Elsa Harris på piano.

Det store prosjektkoret, som var satt saman for anledninga av Telos frå Straume Forum og Sotra Reviderte i Fjell kyrkje, vart dirigert av organist og kantor Olav Sørheim.

Elsa Harris sin «Joshua fit the battle of Jericho» gav ressonans i publikum, og ikkje minst avslutningssongen «When the saints go marching in», då heile kyrkjelyden reiste seg og song med.

## Godt publikum

Etter konserten kommenterte Primm at det var lett å syngje i denne kyrkja.

– Det var eit godt publikum her i kveld. Folk var med, og eg kjende eg fekk god kontakt med kyrkjelyden, sa den energiske gospelsongaren.

– Dette var kjempegøy! Angela er eit fyrverkeri, morosam og ein fantastisk songar, sa ein av koristane i pausen.

– Fantastisk konsert! Eg likte spesielt godt pianisten. Elsa Harris er ein sær dyktig gospelpianist, og det svinga då ho slo seg laus på pianoet, var ein kommentar vi fekk frå ein publikummar.

# GJE EIT LIV MED VATN

Fasteaksjonen 2019

7. april

**For 200 kr kan du gi eit menneske  
sikker tilgang til reint vatn for resten av livet!**

Gje di gåve til bøsseberarane som kjem på døra  
eller bli med på Fasteaksjonen i kyrkja di 7. april!

[www.kyrkja.no/fjell/fasteaksjonen](http://www.kyrkja.no/fjell/fasteaksjonen)



**KIRKENS NØDHJELP**  
actalliance

# Aksjon Godhet Fjell for 5. gong

– Vi vil setje av tid til å spreie godhet, fordi vi trur at små ting gjort i kjærleik kan forandre verda. Godhetsaksjonen vert i perioden 20.–24. mai.

Det seier leiargruppa i Godhet Fjell. Og kven vil vel ikkje vere med på å gjera verda til ein betre stad?

Leiargruppa består av representantar frå ulike kyrkjelydar i Fjell: Saron, Metodistkyrkja på Sotra og kyrkje-lydane i Foldnes, Fjell og Landro.

– Vi vil nytta nokre dagar i mai då vi tilbyr ulike dugnadsoppgåver for dei som treng det mest. Dugnadsjobbane prioriterast ut ifrå nokre kriterier, seier Olav Ingard Fjeldstad, ein av leiarane i Godhet Fjell.

– Vi prioriterer eldre menneske, einslege forsørgjarar og innvandrarar.

Godhetsaksjonen vert i perioden 20.–24. mai.

I fjor var dugnadsarbeidet variert, alt frå å hjelpe til med å handle hagemøblar, til hagearbeid og vask av kjøkken.

– Om du kan tenkje deg å vere med på dugnad, eller kan tenkje deg å motta dugnadshjelp, kan du melde deg på via [godhetfjell@gmail.com](mailto:godhetfjell@gmail.com) eller ringe kyrkjekontoret på telefon 55 09 74 40.



FOLDNES KYRKJE 



Mikael Järlestrand



Onsdag 10. april  
kl. 19.00  
Foldnes kyrkje

Kollekt



## Årsmøte i Landro sokn

Det vert årsmøte med kyrkjemiddag i Landro kyrkje 28. april, like etter gudstenesta.

Årsmeldinga vert tilgjengeleg i kyrkja og på nettsidene.

Vel møtt!

FJELL KYRKJE



## Årsmøte i Fjell sokn

Det vert årsmøte i Fjell kyrkje 28. april, like etter gudstenesta.

Årsmeldinga vert tilgjengeleg i kyrkja og på nettsidene.

Vel møtt!

## Tilbod om skyss til Fjell kyrkje

Fjell sokneråd har tilbod om kyrkjeskyss til gudstenester i Fjell kyrkje søndag føremiddag. Dette er eit tilbod til deg som bur i soknet og ikkje harmoglegheit til transport sjølv.

Du kan kontakte kyrkjekontoret på telefon 55 09 74 40, alternativt soknerådet på telefon 913 87 733.


**Velkomen til kyrkja!**

## St. John Passion

av Bob Chilcott

### KONSERT MED

### Sankta Sunniva Kammerkor



Billett:  
Kr 100



Evangelist:  
Aasmund Kaldestad



Organist:  
Eivind Berg



Dirigent:  
Tore Kloster

**Laurdag 6. april**

**Kl. 17.00**

**Landro kyrkje**

## Folketonekveld

med allsong og band  
i lag med songaren og kvedaren



## Berit Opheim

Onsdag 8. mai  
kl. 19.30

Landro kyrkje

Kollekt

Arr: Landro sokneråd i samarbeid med Kyrkjemusikalsk utval for Fjell fellestråd

# Glimt frå T4, T8 og T9



# Invitasjon til T-dagar!



## T13 Film og forsoning

**Når:** Fredag 29. mars, kl. 17–21.30

**Kor:** Foldnes kyrkje

**Kva:** Vi skal sjå film, snakke saman, ha ulike aktivitetar og ete deilig mat. Vi avsluttar med ei stemningsfull kveldssamling, der også foreldre og sysken er velkomne til å vere med.



## T2 Påskevandring

**Når:** Laurdag 30. mars, kl. 13.30-15.30

**Kor:** Alle tre kyrkjene

**Kva:** Saman med ungane skal vi vandre rundt i kyrkjerommet og oppleve dei ulike dagane i påska med alle sansar. Hjarteleg velkomen til å oppleve påskemysteriet på småborna sine premissar.



## T5 Den gode gjetaren

**Når:** Tysdag 30. april, kl. 16.15-18.50

**Kor:** Foldnes kyrkje

**Kva:** Vi skal ete middag saman, høyre forteljinga om den gode gjetaren, leike, lage «sauekort» og syngje saman. Velkomen til ein fargerik T5-dag!



**Påmelding til T-dagane**

**[www.kyrkja.no/t-dagen](http://www.kyrkja.no/t-dagen)**

## Fjell kyrkje



Dato	Kl.	Gudsteneste	Prest	Dåp/Nattverd	Takkoffer
Søndag 31. mars	11:00	Gudsteneste	Helge Unneland	Nattverd	Det norske misjonsselskap (NMS)
Søndag 7. april	11:00	Radiogudsteneste P7	Helge Unneland	Dåp og nattverd	Kirkens Nødhjelps fasteaksjon
Palmesøndag 14. april	11:00	Familiegudsteneste	Vetle Karlsen Eide	Dåp	Misjonsprosjekt Thailand/Laos
Langfredag 19. april	11:00	Gudsteneste	Vetle Karlsen Eide		
1. påskedag 21. april	11:00	Høgtidsgudsteneste		Dåp og nattverd	Sjømannskirken
Søndag 28. april	11:00	Gudsteneste	Vetle Karlsen Eide	Dåp	NLA Høgskolen
Søndag 5. mai	10:30	Konfirmasjonsgudsteneste			Eige arbeid
Søndag 5. mai	12:30	Konfirmasjonsgudsteneste			Eige arbeid
Laurdag 11. mai	10:30	Konfirmasjonsgudsteneste	Vetle Karlsen Eide		Eige arbeid
Laurdag 11. mai	12:30	Konfirmasjonsgudsteneste	Vetle Karlsen Eide		Eige arbeid
Søndag 12. mai	11:00	Radiogudsteneste P7	Helge Unneland	Dåp og nattverd	Blå Kors i Norge
Fredag 17. mai	11:00	Familiegudsteneste	Vetle Karlsen Eide		
Søndag 26. mai	11:00	Gudsteneste	Vetle Karlsen Eide Dagfinn Høybråten	Dåp	Stefanusalliansen

## Foldnes kyrkje



Dato	Kl.	Gudsteneste	Prest	Dåp/Nattverd	Takkoffer
Søndag 31. mars	19:00	Bibel, bønn og lovsong	Vetle Karlsen Eide	Nattverd	Åpne dører
Søndag 7. april	11:00	Ung messe	Maria Tveten	Dåp og nattverd	Kirkens Nødhjelps fasteaksjon
Laurdag 13. april	14:00	Dåpsgudsteneste	Inge Høyland	Dåp	
Palmesøndag 14. april	11:00	Familiegudsteneste		Dåp og nattverd	Kristen Idrettskontakt - KRIK
Skjærtorsdag 18. april	17:00	Hovedgudsteneste	Maria Tveten	Nattverd	
Langfredag 19. april	11:00	Gudsteneste			
1. påskedag 21. april	11:00	Høgtidsgudsteneste	Maria Tveten	Dåp og nattverd	Eige arbeid
Søndag 28. april	19:00	BBL	Helge Unneland	Nattverd	Stefanusalliansen
Laurdag 4. mai	10:30	Konfirmasjonsgudsteneste	Maria Tveten		Eige arbeid
Laurdag 4. mai	12:30	Konfirmasjonsgudsteneste	Maria Tveten		Eige arbeid
Søndag 5. mai	10:30	Konfirmasjonsgudsteneste	Maria Tveten		Eige arbeid
Søndag 5. mai	12:30	Konfirmasjonsgudsteneste	Maria Tveten		Eige arbeid
Søndag 12. mai	10:00	Konfirmasjonsgudsteneste	Vetle Karlsen Eide		Eige arbeid
Søndag 12. mai	12:00	Konfirmasjonsgudsteneste	Vetle Karlsen Eide		Eige arbeid
Søndag 12. mai	14:00	Konfirmasjonsgudsteneste	Maria Tveten		Eige arbeid
Fredag 17. mai	11:00	Familiegudsteneste	Maria Tveten		KFUK - KFUM
Søndag 19. mai	11:00	Gudsteneste		Dåp og nattverd	Sjømannskirken
Søndag 26. mai	19:00	BBL		Nattverd	Tro og medier

## Landro kyrkje



Dato	Kl.	Gudsteneste	Prest	Dåp/Nattverd	Takkoffer
Søndag 7. april	11:00	Gudsteneste	Bjarte Nese	Dåp og nattverd	Kirkens Nødhjelps fasteaksjon
Palmesøndag 14. april	11:00	Familiegudsteneste	Bjarte Nese	Dåp	Basecamp
Skjærtorsdag 18. april	11:00	Gudsteneste	Vetle Karlsen Eide	Nattverd	Norsk Luthersk Misjonssamband
1. påskedag 21. april	11:00	Gudsteneste	Bjarte Nese	Dåp og nattverd	Misjonsprosjekt med NMS i Thailand
Søndag 28. april	11:00	Gudsteneste	Bjarte Nese		Eige arbeid
Søndag 5. mai	11:00	Gudsteneste	Helge Unneland		KIA - Kristent Interkulturelt arbeid
Laurdag 11. mai	10:30	Konfirmasjonsgudsteneste	Bjarte Nese		Eige arbeid
Laurdag 11. mai	12:30	Konfirmasjonsgudsteneste	Bjarte Nese		Eige arbeid
Søndag 12. mai	10:30	Konfirmasjonsgudsteneste	Bjarte Nese		Eige arbeid
Søndag 12. mai	12:30	Konfirmasjonsgudsteneste	Bjarte Nese		Eige arbeid
Fredag 17. mai	11:00	Familiegudsteneste	Bjarte Nese		Kirkens SOS i Norge
Søndag 26. mai	11:00	Gudsteneste			Eige arbeid



## Fjell kyrkje

## Døyppte

20.01.2019

Isabelle Snekkevik  
Mia Førde  
Johanne Midttun

27.01.2019

Samuel Seljeseth Lynghaug

09.02.2019

Linnea Vindenes Helsø

03.03.2019

Arthur Algrøy

## Døde

Magne Skålevik	f. 1930
Målfrid Lie	f. 1933
Johanna Brekke Rinde	f. 1941
Anne-Alise Anthun	f. 1951
Kjell Karl Langøy	f. 1968
Hildborg Gjertine Algrøy	f. 1921
Monrad Arthur Fauske	f. 1934

## Fjell festning

Velkommen til  
Friluftsgudsteneste  
2. påskedag 22. april  
kl. 12.00

Ved Maria Tveten  
Musikk ved Fjell kyrkjebrass

Kollekt

## Landro kyrkje

## Døyppte

20.01.2019

Elise Carlsen

27.01.2019

Loke Marthinussen  
Sanna Trovåg Turøy

03.02.2019

Ola Kårtveit

17.02.2019

Axel Skarsvåg

03.03.2019

Johannes Helgesen

## Døde

Birger Lynglund	f. 1926
Kjell Arvid Valvatne	f. 1934
Ole Johan Mjelde	f. 1925
Magne Polden	f. 1950

Vår Herre Jesus Kristus seier

"Eg er oppstoda og livet.

Den som trur på meg, skal  
leve om han så døyr. Og  
kvar den som trur på meg,  
skal i all æve ikkje døy."

Joh. 11. 25-26

*Dersom du saknar informasjon  
om døyppte eller vigde:*

*Personvernreglane gjer at me må ha  
samtykke om publisering avnamn på  
døyppte og vigde. Slikt samtykke vert  
innhenta før publisering.*

## Foldnes kyrkje

## Døyppte

13.01.2019

Tilde Johanna Stuve  
Ferdinand Aase  
Liam Kvam Hjørnevik

20.01.2019

Anna-Sofie Fjeldberg Skiftesvik

03.02.2019

Nora Ulveseth

17.02.2019

Mia Midttveit  
Malvin Ferdinand Djupevåg Våge  
Alexander Riise Lie  
Emilie Runderheim Sælemyr

23.02.2019

Maja Rong Vestad  
Ludvig Rong Vestad  
Olav Strømsnes Andreassen  
Ava Larsen  
Johannes Straume  
Øyvind Nikitas Kalgraf  
Georg Gundersen Vallestad

10.03.2019

Kevin Rødbotten-Berge  
Leah Tennebø Karlsen  
Marie Sandal Lie


## Døde

Kjell Morten Mikalsen	f. 1964
Per Knapskog	f. 1933
Øyvind Gottlieb Hammer	f. 1935
Vigdis Rasmussen	f. 1946
Knut Aarevoll	f. 1950
Oliva Molvik	f. 1927
Turid Ingeline Holen	f. 1943
Terje Stein Grevstad	f. 1944

## Ei varm takk

For all venleg omsorg og blomsterhelsingar ved vår kjære mor Målfrid Lie sin bortgang. Takk til alle som var med oss i gravferda, og gåva til Demensforskning.

*Linda, Rita og Ingrid med familie.*



[www.t-dagen.no](http://www.t-dagen.no)

T1-dag med  
Baby Song

Velkomen til babysong, lunsj og fellesskap ein eller fleire av desse måndagane kl 10.30-12.30:

- 29. april: Landro kyrkje
- 27. mai: Fjell kyrkje
- 3. juni: Foldnes kyrkje

Påmelding: [www.t-dagen.no](http://www.t-dagen.no)  
eller [www.kyrkja.no/fjell](http://www.kyrkja.no/fjell)  
Telefon: 930 64 205 (Elisabeth)



## Sotra Omegn


BEGRAVELSESBYRÅ  
- En del av Koba Christensen gruppen

Ditt begravelsesbyrå på Sotra.

Oppfølging og veiledning i en  
tung og vanskelig tid.

Vi dekker hele Fjell, Sund og Øygarden

TLF 56 32 08 90 hele døgnet  
Skjenet 2, 5353 Straume  
(samme hus som Vest-Nytt 2. etg.)



## Gravferds hjelpen

Vi kan hjelpe til med  
rådgivning og tilrettelegging  
ved begravelser og bisettelser.

Døgnvakt 55 27 28 29  
www.gravferdshjelpen.no  
Hagerupsvei 32X • 5093 Bergen



- koldtbord kr 229,- pr. pers
- snitter kr 25,-
- marsipankake 500,-

**Leves**  
bakeri &  
catering

for bestilling ring 56333310/56334410  
vi holder til på Kolltveit Kai



Leirstedet til IMF  
Midthordland

- Leir - Ungdomsklubb - Catering - Bowling -  
Kurslokaler - Overnatting - Selskapslokaler til  
små og store anledninger -

Bursdagsarrangement

Tlf. 56 31 04 40

Fjell-ly leirsted

Møvikvn.193, 5357 FJELL. [www.fjell-ly.no](http://www.fjell-ly.no)



## Solstrands

Begravelsesbyrå as

Vårt avdelingskontor på Sotra

Sartorgården, 2. etg, 5353 Straume

Telefon 55 55 16 16 hele døgnet

[www.solstrands.no](http://www.solstrands.no)

Vår erfaring - din trygghet

VIRKE  
GRAVFERD

## Bergen Omegn

BEGRAVELSEHJELP

POLDEN

- vi utfører alt det praktiske eller tilrettelegger  
for pårørende som ønsker å gjøre noe selv



Knut Helge  
Polden



Espen  
Polden



Heine  
Polden



Cathrine  
Polden Misje

Døgntelefon: 55 21 44 50 • mobil: 917 51 700  
[www.bergenogomegn.no](http://www.bergenogomegn.no)

AVD. BERGEN

Teatergt. 20  
5010 Bergen  
Tlf: 55 21 44 50

AVD. SOTRA

2.etg på Shellstasjonen  
Sartor, 5353 Straume  
Tlf: 55 21 44 50



-din el-kontakt

VESTGAR ELEKTRO

Westland Elektro AS  
har fusjonert med  
Vestgar Elektro AS

Møllestykket 21, 5360 Kolltveit

T: 400 30 210 • E-post: [post@vestgarelektro.no](mailto:post@vestgarelektro.no) • [www.vestgarelektro.no](http://www.vestgarelektro.no)



BYGGESELSKAPET A/S

5357 FJELL

Tlf. 56 33 09 60 – Mob. 905 70 203

Fax. 56 32 08 75



**Bjorgvin** Døgnvakt 55 20 23 00  
BEGRAVELSESBYRÅ [www.bjorgvin-b.no](http://www.bjorgvin-b.no)

Seremoni etter pårørendes ønsker, med omtanke og verdighet.



ADVOKATGRUPPEN BERGEN

- Arv/gaver
- Familierett
- Testamenter/samboeravtaler
- Ektepakter
- Samlivsbrudd
- Kontrakter/kjøp- og salg
- Trafikkrett/transportrett



Advokatfullmektig  
Bernhard Hauge

15 % rabatt til nye kunder fra Fjell og omegn.

Hjemmebesøk om ønskelig.

E-post: [bernhard.hauge@agbergen.no](mailto:bernhard.hauge@agbergen.no)

Tlf: 920 41 950 [www.agbergen.no](http://www.agbergen.no)

Sandviksboder 1H, 5035 Bergen

# GRAVMINNER

 **Løvaas  
Naturstein**



Tlf. 55 92 25 30 • Espehaugen 54, 5258 Blomsterdalen

Man- fre kl. 9.00-17.00. Lørdag stengt.

[www.lovaasnaturstein.no](http://www.lovaasnaturstein.no)

- Snitter
- Koldtbord
- Selskapsmat
- Tapas • Kaker

**Tlf. 56 33 11 50**

Ny adresse:  
Idrettsvegen 113 C

  
**Royal  
Cateringservice AS**

[www.royal-cateringservice.no](http://www.royal-cateringservice.no)

## Kontaktinfo

### Soknerådsleiarane

**Fjell sokneråd:**

Anne Elisabeth Møvik Hornnes  
e-post: aehornne@online.no

**Foldnes sokneråd:**

Per Helge Refvik  
e-post: perhelgerefvik@msn.com

**Landro sokneråd:**

Dag-Olav Bjørøy  
e-post: bjoeroy@online.no

### Sjelesorg og samtale

Vi har alle teieplikt, så det som vert fortald oss kjem ikkje vidare. Du må difor med frimod ta kontakt med ein av oss:

Sokneprest Bjarte Nese	55 09 74 52
Sokneprest Maria Tveten	55 09 74 46/ 450 63 016
Soknediakon Torbjørn Fjøren	55 09 74 47/ 92 29 53 77
Ungdomsdiakon Jon Andreas Tjentland	994 68 870/ 905 16 472
Sentralbord	55 09 74 40

### Får du ikkje Fjell kyrkjeblad?

Dersom du, eller nokon du kjenner, ikkje får Fjell kyrkjeblad i postkassen, er det viktig at vi får beskjed om dette slik at vi får retta opp i feilen.

Ta kontakt på telefon **55 09 74 40** eller **post.kyrkja@fjell.kommune.no** ved manglande levering.



Fjell kyrkjelege fellesråd: 82511

Foreningen Basecamp: 76162

Fjell kyrkje: 80304

Foldnes kyrkje: 76022

Landro kyrkje: 96889

Merk meldingen med føremål og dato

**Takk for di gåve!**



# Aktivitetsvenn - dobbel glede

Vil du bli ein aktivitetsvenn?

## Invitasjon til Aktivitetsvennkurs

**Dato | tid**

**27. og 28. mars kl. 18.00 - 20.30**  
**Fjell frivilligsentral, (inst i biblioteket på  
Sartor Storsenter)**

### Kurshaldarar

Kurshaldarar Arild Sørensen saman med Hukommelsesteamet i Fjell kommune. Frivillige frå Sund og Øygarden som vil bli aktivitetsvenner i sitt nærmiljø, er hjarteleg velkomne på dette felles kurset.

### Mål

Målet er å gje menneske med demens fleire aktivitetar og gode opplevingar i kvardagen. Den frivillige aktivitetsvennen og personen som har demens vil gjere aktivitetar saman, som å trene, gå tur, gå i teater eller på kino, fiske, male, eller berre møtes for ein kopp kaffi og en liten prat.


Med ein aktivitetsvenn kan personer med demens få moglegheita til å fortsette sine vanlege aktivitetar.



**MEIR INFORMASJON OG PÅMELDING**  
**FJELL.KOMMUNE.NO/AKTIVITETSVENN**

# Barnekryssord

Returadresse:  
Fjell kyrkjekontor  
Postboks 184  
5342 Straume



## Faste aktivitetar i kyrkjene

Du er hjarteleg velkomen til samlingar og aktivitetar!

### Foldnes kyrkje

- Gudsteneste:** Dei fleste søndagar kl. 11.00.
- Søndagsskule:** Under fleire gudstenester i semesteret.  
Blir annonsert. Kontakt: Maria Wergeland tlf. 924 08 805
- Bibel, bønn & lovsong:** Siste søndag kvar månad kl. 19.00.  
Kontakt: Maria Tveten tlf. 55 09 74 46
- KM Kluzz:** Cirka ein tysdag i månaden kl. 16.30–18.30.  
For heile familien.  
Kontakt: Janne-Lin Fjeld Andersen tlf. 950 14 498
- RAMP:** Annankvar tysdag kl. 19.30. Inspirerende temakvelder med husband og kaffi. Kontakt: Janne Mo tlf. 478 23 425
- Foldnes barnespel:** Annankvar tysdag kl. 17.30–18.45. For barn i barneskulealder. Kontakt: Andrea Ådland tlf. 977 55 938
- Treff i Foldnes:** I kyrkjelydssalen første onsdag kvar månad kl. 11.30–14.00. Varm mat, undervisning og fellesskap. Kontakt: Ellen Ebbesvik tlf. 924 42 881
- Lillelørdag:** For 5.–7. klasse, ein onsdag i månaden.  
Kontakt: Maria Tveten tlf. 55 09 74 46
- Lukas Ten Sing:** Måndagar frå kl. 18.30. For deg som går i 8. klasse og oppover. Kontakt: Renate Olsen tlf. 994 63 819
- Ungdomslaurdag:** Frå kl. 19.00–22.30, for deg som går i 8. klasse og oppover. Kontakt: Rannveig Vestbøstad Vik tlf. 415 07 011
- Mannsgruppa:** Ein torsdag i månaden. Temakvelder, turar og godt lag. Kontakt: Morten Nygaard tlf. 924 82 896
- Basargruppa:** Ein torsdag i månaden.  
Kontakt: Toril Herdlevær Kvalheim tlf. 907 29 222



### Vannrett:

1. Prep.
3. Guds sønn
6. Olaf Tufte
7. Lever
8. Å stå - (pres.perf.)
10. Erte
12. Anmoder
13. Lese...
15. Matbutikk
17. Spiss

### Loddrrett:

1. Lille ..... edderkopp
2. Jentenavn
3. Guttenavn
4. Plante
5. Smak
9. 365 dager
11. Erik Kroken
12. Han brakk staven
13. Kjøretøy
14. Retning
16. Er nødt

Bli med i trekninga av hamburger med drikke og dessert for 4 personar på Burger King Sartor!

Send inn kryssord til:  
Fjell kyrkjekontor  
PB 184, 5342 Straume  
Merk konvolutten: Kryssord

Vinnar av Barnekryssord i nr. 1 – 2019:  
Kathinka Litlekalsøy  
frå Ågotnes



Løysingsord (vannrett 3. + 7. + 8. + loddrrett 14.):

.....

Namn:.....

Adresse.....

.....

### Fjell kyrkje

- Gudsteneste:** Dei fleste søndagar kl. 11.00.
- Søndagsskule:** Under fleire gudstenester i semesteret.  
Blir annonsert. Kontakt: Torun Svennevik tlf. 976 71 161
- Retreatkvelder:** Cirka ein onsdag i månaden kl. 20.00.  
Tekstlesing, musikk og bøn.  
Kontaktperson: Anne Ludvigsen Kaldestad tlf. 971 42 176
- Tweensklubben:** Annankvar fredag kl. 19.00–21.00.  
For deg som går i 5. klasse og oppover.  
Kontakt: Søgne Lillevik Nielsen tlf. 975 46 646
- Vokalensemblat Sotra reviderte:** For alle som vil syngje i a cappellakor, tysdagar kl. 19.00–21.30.  
Kontakt: Tor Amund Gjersvik tlf. 908 62 603
- Fjell kyrkjebrass:** Om du spelar brassinstrument. Annankvar torsdag kl. 20.00–21.30. Kontakt: Olav Sørheim tlf. 926 15 988
- Fjell barne- og tweenskor:** Barnekoret øver annankvar tysdag (oddetalsveker) kl. 17.30–18.30. Kontakt: Kari H. Mortensen tlf. 411 22 323.  
Tweenskoret øver annankvar tysdag (oddetalsveker) kl. 18.00–19.00. Kontakt: Maria Tveten tlf. 450 63 016

### Landro kyrkje

- Gudsteneste:** Dei fleste søndagar kl. 11.00.
- Onsdagsmøte:** I kyrkjelydssalen kl. 19.30 kvar fjortande dag.  
Tale, lovsong og sosialt samvere.  
Kontakt: Torbjørn Fjøren tlf. 55 09 74 47
- Taco-fredag:** Ein gong i månaden kl. 17.00–19.00.  
For heile familien. Kontakt: Bjarte Nese tlf. 55 09 74 52
- Nordre Fjell Barnekor:** 1.–4. klasse, kl. 17.30–18.35 kvar tysdag.
- Tweenskor:** 5.–8. klasse, kl. 18.40–19.45 kvar tysdag.  
Kontakt: Eline Olsen tlf. 906 05 332
- Treff i Landro:** I kyrkjelydssalen siste onsdag i månaden kl. 11.30–14.00.  
Fellesskap med god mat, undervisning og song.  
Kontakt: Ellen Ebbesvik tlf. 924 42 881
- Landroklubben:** I kyrkjelydssalen annankvar fredag kl. 18.30–22.30.  
8. klasse og oppover. Kontakt: Bjarte Nese tlf. 55 09 74 52